



Prosjekt Konsult har på vegne av kommunen søkt om dispensasjon i samband med deling av ein eigedom ved Eikelandet. Eigar er Nils Bjarne Eik som ynskjer å dele frå eigedom ved sjø med strandhus. Eigedomen ligg atskilt frå hovudbruket og ligg som ein eigen parsell nord for fylkesvegen. Den er på 1 200 kvadratmeter.

I kommuneplanen er parsellen delt med ein del som naustområde og ein del som LNF-område. Det vert søkt om dispensasjon frå plan- og bygningsloven for bygge- og deleforbodet i strandsona for LNF-delen av parsellen.

Det har ikkje kome inn merknadar til utsendt nabovarsel. Det aktuelle området er markert med gult på skissa over.